

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 10.12.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Marthe Vaagen Tjemsland  
**SAKA GJELD:** **Tildeling av Helse Vest søkbare forskingsmidlar 2019**

**STYRESAK:** **121/18 0**

**STYREMØTE:** **19.12.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

## Oppsummering

Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon har 28. november 2018 tildelt midlar til 59 av dei totalt 276 søknadane som var sende inn innan fristen 15. september 2018. I tillegg til dei nye prosjekta, har 148 stipendiatar og prosjekt fått vidareført si finansiering. Vel 159 mill. kroner går til å finansiere dei nye og vidareførte prosjekta for heile regionen.

Det vart tildelt totalt 53,3 mill. kroner til nye prosjekter for 2019. Av dette går 22,5 mill. kroner til Helse Bergen. Av pågåande prosjekt går 86,2 mill. kroner til Helse Bergen for 2019.

## Kjenneteikn ved årets søknadar

Det var gjennomgåande høg kvalitet på søknadene, som viser at det er mykje og god forskning ved sjukehusa i regionen. Fleire av miljøa er i nasjonal og internasjonal toppklasse. Søknadane ligg i forskningsfronten på fleire viktige felt, og i denne vurderingsrunden har vi merka oss eit aukande tal på prosjekt som vil ta i bruk ny teknologi og digitale verktøy som maskinlæring og kunstig intelligens. Mange prosjekt er karakterisert av forskingssamarbeid mellom klinikk og forskingslaboratorium, men i nokre av prosjekta var den basale delen så dominerande og vegen fram til klinikk så lang at prosjekta ikkje kunne støttast, sjølv om søknadane var svært gode.

Tabell 1 viser at Helse Bergen er dominerande i tal på søknadar, og utgjør nesten 70 % av alle søknadene totalt for 2019.

**Tabell 1. Innstilte søknadar fordelt på søkjarinstitusjon – tal på søknadar og beløp 2019**

Søkjarinstitusjon	Innstilt	Tal søknader	% av alle søknader	% av innstilte	% innstilte av egne søknader	Pågåande stipend, prosjekt
Helse Bergen HF	43	190	68,8 %	73 %	23 %	115
Helse Stavanger HF	11	59	21,4 %	19 %	19 %	24
Helse Fonna HF	2	13	4,7 %	3 %	15 %	3
Haraldsplass Diakonale Sykehus	2	4	1,4 %	3 %	50 %	1
Helse Førde HF	1	5	1,8 %	2 %	20 %	1
Sjukehusapoteka Vest HF	-	2	0,7 %	-	-	4
Haugesund Sanitetsforenings Revmatismesykehus AS	-	1	0,4 %	-	-	-
Jæren DPS	-	1	0,4 %	-	-	-
Olaviken alderspsykiatriske sykehus	-	1	0,4 %	-	-	-
<b>Totalsum</b>	<b>59</b>	<b>276</b>				<b>152</b>

Tabell 2 viser søknadar for 2019 fordelt på søkjarinstitusjon. I tillegg viser tabellen tal på søknader helseføretaka er med på utan å stå som hovudsøkjar. Dette seier noko om graden av regionalt samarbeid. Helse Bergen er med i 83 % av totalt 276 søknader, anten som hovudsøkjar eller som deltakar i prosjekt.

**Tabell 2. Søknadar fordelt på søkjarinstitusjon**

Søkjarinstitusjoner	Søkjarinstitusjon 2019	Er med på søknader
Helse Bergen HF	190	228
Helse Stavanger HF	59	92
Helse Fonna HF	13	42
Helse Førde HF	5	20
Private, ideelle institusjonar	7	32
Sjukehusapoteka Vest HF	2	1
<b>Totalsum</b>	<b>276</b>	

57 % av alle søknadene har deltakarar med internasjonal forankring, for Helse Bergen gjaldt dette 58 % av alle søknadene.

40 % av alle søknadene har deltakarar med nasjonal forankring, for Helse Bergen gjaldt dette 34 % av alle søknadene.

### Tilgjengelege forskingsmidlar 2019

Tilgjengelege midlar til fordeling av samarbeidsorganet i 2019 er kr. 202,7 mill. kroner. Tilgjengelege midlar til nye prosjekt vert fordelt med minimum 75 % til prosjekt tildelt gjennom den søkbare prosessen med frist 15. september 2018, og inntil 25 % til strategiske satsingar.

Tabell 3 viser midlar til nye prosjekt for 2019, gitt tilgjengelige midlar, inngåtte forpliktelsar og årets fordeling mellom frie og strategiske midlar. Den viser at det for 2019 er kr. 52,4 mill. kroner til nye prosjekter i den søkbare runda.

**Tabell 3. Tilgjengelige midlar 2019 (millionar kroner)**

	Tilgjengelige midlar	Forpliktelsar	Til nye prosjekt
<b>Totalt</b>	<b>202,7</b>	<b>145,8</b>	<b>56,9</b>
Konkurransesette midlar, 78 %	158,1	105,7	52,4
Strategiske satsingar, 22 %	44,6	40,1	4,5

## Tildeling av midlar til nye prosjekt for 2019

Tabell 4 viser kostnadene i 2019 for dei innstilte prosjekta i alle helseføretak.

**Tabell 4. Kostnadar 2019 for nye prosjekter (millionar kroner)**

Søknadstype	mill. kroner
Doktorgradsstipend	18,8
Postdoktorstipend, inkludert utanlandsopphald	11,2
Åpen prosjektstøtte, karrierestipend, forskarstipend	20,1
Korttidsprosjekter, utanlandsstipend, utviding postdoktor	3,2
<b>Totalt</b>	<b>53,3</b>

Tabell 5 under viser dei to største helseføretaka sin prosentdel av innstilte søknader av egne søknader gjennom dei siste 5 åra.

**Tabell 5. Prosentdel innstilte søknadar av egne søknadar – siste 5 år**

Søkjarinstitusjon	2019	2018	2017	2016	2015
Helse Bergen HF	23 %	27 %	26 %	19 %	29 %
Helse Stavanger HF	19 %	13 %	21 %	22 %	15 %